



Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
<p>27.</p> <p>Ei gruppe på Mellomrommet</p>  <p>Tur</p>	<p>28.</p> <p>Den hemmelege klubben</p> <p>Superhelt gruppe</p> <p>Kropp og hopp gruppe</p>	<p>1.</p> <p>Turgruppe</p> <p>+</p> <p>Eventyret om Påskeharen</p>	<p>2.</p> <p>Ei gruppe på Mellomrommet</p>  <p>Tur</p>	<p>3.</p> <p>Kropp og Hopp</p> 
<p>6.</p> <p>Ei gruppe på Mellomrommet</p>  <p>Tur</p>	<p>7.</p> <p>Den hemmelege klubben</p> <p>Superhelt gruppe</p> <p>Kropp og hopp gruppe</p>	<p>8.</p> <p>Turgruppe</p> <p>+</p> <p>Eventyr</p>	<p>9.</p> <p>Ei gruppe på Mellomrommet</p>  <p>Tur</p>	<p>10.</p> <p>Kropp og Hopp</p> 
<p>13.</p> <p>Ei gruppe på Mellomrommet</p>  <p>Tur</p>	<p>14.</p>  <p>Tema: Liten og stor</p>	<p>15.</p> <p>Forming påske</p> 	<p>16.</p> <p>Ei gruppe på Mellomrommet</p>  <p>Tur</p>	<p>17.</p> <p>Kropp og Hopp</p>  <p>«Det spirer og gror»</p>
<p>20.</p> <p>Ei gruppe på Mellomrommet</p>  <p>Tur</p>	<p>21.</p> <p>Den hemmelege klubben</p> <p>Superhelt gruppe</p> <p>Kropp og hopp gruppe</p>	<p>22.</p> <p>Forming Påske</p> 	<p>23.</p> <p>Ei gruppe på Mellomrommet</p>  <p>Tur</p>	<p>24.</p> <p>Kropp og Hopp</p>  <p>Palmesøndag samling</p>
<p>27.</p> <p>Ei gruppe på Mellomrommet</p>  <p>Skjærtorsdag samling</p>	<p>28.</p> <p>Den hemmelege klubben</p> <p>Superhelt gruppe</p> <p>Kropp og hopp gruppe</p> <p>Langfredagsamling</p>	<p>29.</p> <p>Påkeafta samling</p>	<p>30.</p> <p>Ei gruppe på Mellomrommet</p>  <p>1. påskedag samling</p>	<p>31.</p> <p>Påskegult på løpebana</p>  <p>Fjellvetts-Reglane Samling</p>

Ein skapande musisk møteplass

Denne månaden har gjeve oss mange høgdepunkt. Vi starta februar med tema om samefolket. Vi blei kjende med kulturen gjennom joik, reinsdyrdrift, eventyr, matlaging, leik, lassokasting og alle fargane i det samiske flagget. På sjølve samedagen markerte vi med deilig Bidos gryte, servert med nydelige ghakko brød til. Margot hadde også ei nydeleg samling der vi malte det samiske flagget i snøen, og dramatiserte eventyret «reven og kråka».

Ein av dagane sat vi å såg ein episode frå «bli med heim». Her fekk vi følgje ei jente som var med familien på reinsdyrsanking frå fjellet. Vi fekk erfare at nokre reinsdyr blei slakta til mat.

Utsagn frå eit av barna; «Oj, dette her er veldig trist, altså!» Medan kompisen svarar så fint «Men dette her er heilt vanlig altså, dei må jo gjere det for dei har jo ikkje noko anna mat». «Ja, men det er veldig trist allikavel» får han til svar. Det osar av empati frå begge gutane som klarer å sette seg inn i begge sidene av det.

Frå samedrakt og joik gjekk vi rett over i karneval og sambatakter. Fjær, paljettar, musikk og dans har gjeve oss stemninga for å skli inn i ulike utkleddingar og roller. Vi gjekk i karnevalstog inn til Gangar der alle fekk svinge seg rundt og vist seg fram. Vi delte oss i tre grupper og hadde ulike stasjonar med «sette hale på grisen», «ta den ring» og «dans/musikk». Til lunsj blei det servert herlege fastelavnsbollar som vi hadde laga i sjølve nokre dagar før, nam!

Mars: For Superheltane handlar våren ein del om å bli kjent med og forberedning til skulestart. Vi har snakka litt om skulen og her er mange blanda kjensler. « Gruglede seg» er ein følelse som barna kjenner på – fordi dei veit ikkje kva ein går til når ein begynner på skulen. Vi ynskjer at barna skal få ein god overgang ved at barna blir meir kjent med det som dei skal møte til hausten. Vi fortset arbeidet med vennskapet mellom barna i gruppa – der dei viser omsorg for kvarandre, tek vare på kvarandre og skaper trivsel og glede mellom gruppa. Vi vil og no jobbe meir med å bli kjent med dei andre barna i dei ulike barnehagane, slik at dei får bli meir kjent med nye klassekameratar. Vi har så vidt begynt med Bakkeliid barnehage og Austrheim barnehage, der vi veit at det er både barn som skal begynne i Nordstranda og Sandane skule.



Vi går ein tid i møte der mykje kjem til å skje ute i naturen. Vi vil følgje med på dette, med alle sansane våre og vere der barna er i dette. Vi vil finne snøkløkkar? Korleis vil elva renne no når snøen smeltar? Kva fuglar er det som er rundt oss?

Slutten av månaden blir vi kjende med påske og påsketradisjonar. Vi tek for oss ei påskebok der vi tek utgangspunkt til samlingar knytt til dei ulike påskedagane.

Sanger: - På Golgata stod det et kors

- Limu Limu
- Soltrall
- En liten kylling i egget lå

Rim og regler: - Frøet

- Hestehoven

Eventyr: Påseharen

Helsing Margot, Eli Karin, Annlaug, Ronny, Hanna, Helena, Sunniva og Siri